

12.05.2010

Ope møte om landskapsparkar og besøksmål



Magnolia-vår i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag 18. mai vert det i Uskedalen Utvikling (Gamleskulen) skipa til ope møte om Uskedalen som besøksmål og landskapspark.

Bakgrunnen for dette er Uskedalen med sine kultur- og landskapsverdiar vart løyvd midlar for å laga ein prosjektplan og førebu tiltaket.

Det er 8 landskapsparkar i Hordaland: Stalheim, Herand, Åkrafjorden, Fyksesund, Vikebygd, Sveio, Sæbø og Ulvik.

Ei gruppe frå Uskedalen har alt vore på synfaring og fått innsyn i arbeidet dei gjer i Åkrafjorden. Ein landskapspark er ikkje ein nasjonalpark, heller ikkje eit landskapsvernområde, slik nokre trur.

Her handlar det om å få fram det beste ei bygd har å by på av opplevingar i kultur- og naturlandskapet og skapa større verdiar utfrå det ein alt har i Uskedalen.

For å få dette til trengst det samhandling og samarbeid.

På møte vil rådgjevar hos Fylkesmannen i Hordaland, Dirk Kohlmann, orientera om landskapsparkar og om korleis lokalsamfunn og næring vert utvikla slik at ei bygd vert attraktiv som bustad og besøksmål.

Lokal mat, guida turar, overnatting, handel, museum, fiske, fjellklatring og andre opplevingar er viktige deler av ei slik satsing.

Svein Opdal vil sei noko om: Kva er eit besøksmål og kva positive verknader har dette for ei bygd.

Det er ikkje med dette sagt at Uskedalen eller deler av bygda skal ha status som landskapspark eller besøksmål. Vi må sjå på tiltaket som eit tilbod, støtte og hjelp for vidare arbeid med profilering og bygdeutvikling.

Møte er ope for alle interesserte.

Prosjektgruppa vil særleg oppmoda grunneigarar, organisasjonar, natur- og kulturinteresserte og dei som driv næring om å møta fram.

Uskedalen Utvikling

Arbeidsgruppe for kultur, turisme og profilering